

Samtalegudsteneste i Årdal kyrkje 4 mai 2025 kl.18.00.

Jenny: Tema nr 1: Gud: Gud er ånd.

I Truvedkjenninga vedkjenner vi oss trua på Gud Fader, den allmektige, han som skapte himmel og jord. I bibelens første kapittel står det at Gud skapte verda på 6 dagar. Av det vi veit no, er dette ikkje å forstå bokstaveleg. Poenget må vere at Gud har skapt heile universet, med alt det som det inneheld, og han har gjeve oss verda som vi lever på og av i gåve. Alt levande og sjølv livet vårt er ei gåve frå Gud. Gud er ikkje ein gammal mann som bur oppe i skyene ein plass. Gud er ånd, og kan vere hos alle menneske til alle tider og over heile verda samstundes.

Ida Marie: Tema nr. 2: Jesus. Kven var han: Jesus var både menneske og Gud samstundes.

I Truvedkjenninga vedkjenner vi oss også trua på «Jesus Kristus, Guds einborne Son, vår Herre, som vart avla ved Den Heilage Ande, fødd av jomfru Maria». I Jesus bur Gud sjølv med heile sin guddom. Jesus er av same vesen som Gud. Men han vart fødd av ei vanleg kvinne. Ho heitte altså Maria. Den Heligage ande skapte jesusbarnet i magen til Maria. Så det bur altså både noko guddommeleg i Jesus, og noko menneskeleg. Det guddommelege kjem til dømes fram i dei mange undrene han gjorde. Han gjekk på vatnet, stilla stormen, gjorde vatn til vin og vekte til og med døde tilbake til livet. Det menneskelege kjem fram i at han i det daglege stod fram som eit vanleg menneske. Han åt og drakk. Han synte kjensler. Han vart glad i dei han var saman med på same måte som vi er glad i kvarandre.

Åsne: Tema 3: Den heilage ande: Den heilage ande er Guds nærvær i vår liv. Jesus og guds-nærværet i våre liv vert verkeleggjort gjennom Den heilage ande. Jesus forklarar jo at Gud er Ånd. Så kan han gjennom Den heilage ande vere til stades hos alle menneske samstundes og til alle tider. Den heilage ande vert ofte kalla hjelparen og trøystaren. I kyrkjekunsten vert ofte Den heilage ande framstilt som ei due. Det er fordi da Jesus vart døypt, såg folket Guds Ande koma dalande ned over Jesus som ei due. Den heilage ande er hos oss og med oss og høyrer våre bønner, trøyster oss og styrker oss i våre liv.

Emilian: Tema 4: Bibelen. Bibelen er skriven av menneske, men har eit guddommeleg budskap.

Vi kallar gjerne Bibelen for Guds ord. Bibelen er ikkje ei bok, men eit bibliotek, ei boksamling. Her er det ein skilnad mellom islam og kristendom. I Islam lærer dei at Koranen er ei bok som er skriven av Allah i himmelen, og at den boka vi har her på jorda er ein kopi av den. Men om bibelen lærer vi at den er skriven av menneske som har fått ein budskap frå Gud, og så har dei skrive dette ned. Derfor kan det til dømes vere små skilnader mellom dei fire evangelia (Jesusforteljingane): Matteus, Markus, Lukas og Johannes. Heile

bibelen vert gjerne samanfatta i eit vers. Det verset kallar vi den vesle bibelen: Johannes 3,16: «For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.»

Ellinor: Tema 5: Kyrkjeåret. Kvar søndag gjennom heile året har eit eige tema.

Det er tre store høgtider i kyrkjeåret. Det er jul, påske og pinse. **Jul** feirar vi fordi Guds son, Jesus, kom til verda da Maria møy, eller jomfru Maria fødte Jesus i ein stall i Betlehem. **Påske** feirar vi fordi Jesus vart krossfest, døydde og vart gravlagd for vår skuld. Og så stod han opp på den tredje dagen, og lever og er med oss i våre liv den dag i dag. Dette gjorde han, for å ta på seg den straffa som vi hadde fortent på grunn av vår synd. **Pinse** feirar vi fordi det var på denne dagen Jesus sine læresveinar fekk Den heilage ande. Gjennom Den heilage ande er Jesus altså med oss i våre liv den dag i dag.

Tagge: Tema 6: Dåp. I dåpen legg vi eit barn sitt liv i Guds hender.

I følge vår kyrkjefader Martin Luther består dåpen av to ting: Vatn og Guds ord. I kyrkja har vi dåp rett og slett fordi Jesus sa at det skal vi gjere. I misjonsbefalinga står det: «Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande». I dåpen kjem Gud oss nær. Når dåpen er utført med tre gonger med vatn på hovudet seier presten: «Den allmechtige Gud har no gjeve deg sin heilage Ande, fødd deg på nytt og teke deg inn i sin truande kyrkjelyd. Gud styrkje deg med sin nåde til det evige livet.»

Julie: Tema 7: Gudstenesta. Ei gudsteneste er noko heit annleis enn alt anna. Ei gudsteneste er noko vi har for å lova Gud og gi han ære. Men ei gudsteneste skal også fylle oss med kunnskap om den kristne bodskapen. I eit gammalt bordvers står det i ei fin strofe som lyder soleis: «Gud til ære, oss til gagn». Og akkurat det skal ei gudsteneste være. I gudstenesta syng vi salmar, vi bed og vi høyrer lest frå bibelen og presten som forklarar bibeltekstane i ei preike. I nokre gudstenester er det dåp og nattverd. Dåp og nattverd kallar vi sakrament.